Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Transport av høy

Oppskr. av: Ivar E. Øvsthus,

(adresse): Reimegrend.

Fylke: Hordaland

Herad: Voss

Bygdelag:

Gard: Øvsthus

G.nr. 141 Br.nr. 1

17 4 42
Øvsthus

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.) Frå gamal tid var det brukt å slå høy i utslåttor, både av gardbrukarar og husmenn. På desse kantar tok det til å minka med den slåtten i 1880 åri, og tok heilt slutt i års-skifte 1800–1900.

Det er hermt etter Eilev I. Øvsthus, som var fødd 1827 at å Kleivane var det 8 ungkarar som alle hadde fora til kvar sin unghest, og alt fore var samla i utmarki.

Gardbrukarane køyrde oftast høyet heim på vinterføre, men kunde og draga det heim på skareføre.

Men sume husmenner slo på slike plassar, at dei laut bera høyet heim. (Skiplesbakken) og det vart ofte gjort i „melsdagane" (millom jol og nyår) Og då helt dei dugnad. I det dugnad var det oftaste ungkarane som var, noko brennevin hadde dei med og noko

fekk dei hjå husmennene.

2.) I utslåttone hadde dei småe løar, å ja, det kunde treffa det var heldrå som var so store at dei hadde høy under dei.

Dei bar høyet på tog til løa, men det hende at dei bar høy på „sveg" (ei björkesvega) og, vis det var kort stykkje til løa! Sume plassar måtte graset berast rått til turkeplass ved løa. Då bar dei til „vadla" eller breidsle, sa dei.

Når det vart bore høy på tog (byratog) og det var einkvan med til å hjelpa upp med byra, stod dei altid attum og tok i toge under „(håvola)." Toget hadde dei yver oksli.

På garden Hegg her i grendi vart det brukt ei „rodda" i eldre tid, til å frakta høyet ned or noko bergslåttor. „Rodda" var laga av vredne björkevidjor umlag so ei reidsle-kjessa men noko större.

Løypestreng har vore brukt noko ifrå 1900-åhundra. Det treffte at høyet vart stekt og i utslåtta, men ikkje so svart mykje brukt.

3.) Høyet i utslåttone køyrst heim um vitren.

4.) I eldre tid brukte dei tre meia-slede (ein vanleg slede utan



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

jernskoning) til å kjøyra høyet inn um sumaren (på heimebøen) og det er 3 bønder her som brukar det endå (1947) På vår gard vart fyrste høyvogni kjøpt i 1895, og var den fyrste her å grendi. Høyvogni vert like ofte kalla for hjulslede. Vogni har eit hjulpar, men ikkje meiar framme. Vis vogni er godt stakka med turt høy tek ho 200 kg. i lasset.

Dei eldste høysledane (som dei brukte um sumaren) hadde ikkje grindar, men det var ei ekstra stong på kvar sida, utum dei vanlege remane, slik at sleden vart breidare. Dei heitte „flasmo". So var det å fengja høyet og leggja det på sleden, når det var gjort sette dei langgjyringen med høystong på. Etter at sume hadde fenge høyvogn, var det mange som laga seg grindar på tremeiasledane.

Um vintrane vart det brukt jernskodd slede, med umlag same skap som på tremeiasleden. Hadde ikkje grindar. Då var det til å fengja høyet på sleden, når det var gjort sette dei fyrst på langgjyringen som var festa i høystongi. Dette toget kallas for „stangbande". So var det tvo tverrgjyringar, med tvo bjørkesvegor under på kvar sida, so lange



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

som lasset. Dei kallas for „omsstengor“ Um korleis det var med höystakkane og höylassi, har eg ikkje höyrt noko sers um.

Dei brukte berre ein hest for höysleden og det same for höyvogni. I den seindre tid har det vore brukt grindar på sledane um vintren.

5) Her har ikkje vore fellesslått. Men det kunde henda at husmenner og andre som var til „huse“ som det heitte, fekk slå i utslåttor på „lot“ som dei kalla det. Var det dårleg slått fekk grunneigaren 1/3 part og slåttefolki 2/3 partar. Og då delte dei som oftast i fengjor. Men det kunde og henda dei delte likt.

Höykøyringi um vintren ymsa mykje etter ver og føre, og um dei hadde plass i heimaløa. Dei som hadde höy på same stöl eller i slåtta, tok ofte höyet på same tid og gjorde det då slik at dei bröytte fyre kvar sitt stykkje. Det kunde snart vera den eine og snart den andre som ordna med kva tid dei skulde taka iveg.

6) Um bröyting og köyring er fortalt tidlegare det eg veit, men

880

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

det kunde kanskje ha innteresa å taka med, korleis dei brukte det i utslåttor som låg langt burte?

Når dei skulde taka til i utslåtta, var det å nesta seg ut for heile veka. Maten var: Spekekjöt, spekeflesk, flatbröd og smör. Det var sjeldan dei kokte mat på turen, og so hadde dei sjölsagt sur-mjölk med. So hadde dei eit brefat og ei skjei til kvar (treskjei eller hornskjei) det var det heile.

Dei låg i löa, fyrste natti var det ofte dei låg på noko lauvbyskor, men var det godt ver kunde det henda det vart turt noko höy so det vart bol i löa. Og sidan var det å liggja i löa kvar natt veka til endes.

I sume slåttor var det so mykje skog, at graset måtte hesjas, der hadde dei trehesjar som var båndne um våren.

I nokre slåttor her, var det so ulendt og kamrette (husmannaslåttor) at dei minste borni sette dei uppi noko store tinor og batt teina inn til ein björkelegg, medan sjölve folki driv med onnearbeidet.

880

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING